

Møtereftrat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Onsdag 11.01.17 kl 12.30 - kl 14.15
Tilstede: Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Arnt Ove Løvås, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth og Trine Hasvang Vaag
Forfall: Rigmor Hustad og Roy Albertsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa Råvare og Medlem region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 11. januar 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøte 09.01 Trine orienterte om prisen for årets kjøtt under Det Norske Måltid. Resultatutvikling: Godt sal til jul, dropp i veke 50 og 51 i forhold til fjoråret. Veke 1 på budsjett i forhold til prognoser. HMS-nøkkeltal: Ikkje oppnådd som planlagt, men redusert korttidsfråver og litt auke i langtidsfråver. Fråversskader redusert. Rema og Norsk Kylling: Styremøte 8. februar i Rema. Info om NOVA-prosjektet, ny IT-plattform. Ambisiøs målsetjing om lagerreduksjon på lam er sett. Kalkun: Kapasitet i produksjon, overgangsfase for dårlege hus, leigeproduksjon for regional kylling. Budsjett 2017: Vedtatt offensivt budsjett med salsauke, redusert marknadsføringsbudsjett. Ligg etter strategimålet. IT-kostnader aukar pga doble system i ein 3-års periode. Etterbetalingspolicy under arbeid, vert sendt ut eigarbrev. Egg: Julesal bra. Avventande nyetableringar pga landbruksmeldinga. Storfe: Lønsamt å importere ku, dialog om endra tollsatsar. Etterspurt langtidsprognose på storfe. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Er vi i ferd med å lande avtale med Rema?• Svar: Målsetjing om avtale som kan vedtakast på Rema sitt styremøte 8. februar.• Var vi leveringsdyktige til jul?• Svar: Julesalet gjekk bra, vurdere nytt ribbetiltak i 2017.• Korleis fungerer det når butikkar kan melde om manko, samtidig som styret seier det er god levering? Brukt for å selje eigne merkevarer? Alle butikkar hadde kalkun – lite konkurranse, men mange butikkar tome for ribbe før jul• Fatland er ute og vil sikre seg nye produsentar, for dei har for lite lam. Er det sjekka kva dei evt tek ut av reguleringslager? Må imøtegåast i media.• Svar: Ikkje uttak av reguleringslager. Info i Eigarbrev før jul.• Store forventningar om etterbetaling – problem å innfri det?• Svar: Nei, går på langtidspolicy for utbytte.• Kalkunproduksjon viktig.• Noko å informere om frå orienteringssakene?• Svar: Driftsopplegg og omstilling egg er fortsatt under arbeid.• Forbrukerinspektørene på NRK har tema slakting og utnytting av høner. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Orientering frå Råvare og Medlem region Midt Brit Kari orienterte om at ny spesialveterinær etter Oddbjørn Kjølvik er tilsett. Ingeborg Ålmo startar 13. februar og vil ha kontor plass Steinkjer. Vidare om møter med pilotkretsane i Ny Giv i kretsarbeidet i neste veke. Arnt Ove og Ragnar V deltek	

Spørsmål/kommentarar:

- Ein del nyinnkjøp av transportmateriell. Ragnar V fått innspel om at det er viktig at vi styrer dette, slik at ikkje transportørane berre kjøper inn, og vi må tilpasse oss dette. Roy sender info til AU.

Roy

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 **Status omstilling frå kylling til egg i Midt-Norge**

Ragnar O orienterte etter samtale med Brit Våga at det er utsendt tilbod til kyllingprodusentane i Namdalen om eggproduksjon. 4 produsentar har takka ja, i tillegg til ein kyllingprodusent som ikkje er under omstilling. Ynskjer positiv omtale i Bondelabldet om dette 😊

Arnt Ove orienterte om arbeidsgruppe som ser på inntransportkostnad. Utfasing av kalkunproduksjon til Rema i Midt-Norge og overført til Austlandet er under vurdering.

Spørsmål/kommentarar:

- Styret hadde uttale til Landbruksmeldinga: Å behalde marknadsordning egg og målpris svin er fokus. Debatt under Mat og Landbruk i går ga tydelege politiske signal om at det ikkje kjem endringar i marknadsordningane.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 **Førebuing kretsmøter**

Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Innspel:

- Overproduksjon gris og kyllingproduksjon Midt-Norge (Levanger). Overproduksjon lam og inntransport (Verdal)
- Orientering om kva som er jobba med i AU – særleg for Ragnar O og Olav Håkon
- Sende kretsmøteplanen til AU.

Brit Kari

5 **Representasjon på årsmøter**

- 3. – 4. mars: M&R Bondelag konferanse og årsmøte
- 15. – 16. mars: Felles årsmøte Sør- og Nord-Trøndelag Bondelag
- ??? Årsmøter Bonde- og Småbrukarlag
- Møte i Midt-Norsk samarbeidsråd 27.01

Vedtak:

- **3. – 4. mars: M&R Bondelag konferanse og årsmøte: Oddveig eller Olav Håkon**
- **15. – 16. mars: Felles årsmøte Sør- og Nord-Trøndelag Bondelag: Utsett**
- **Møte i Midt-Norsk samarbeidsråd 27.01: Ragnar og Olav Håkon**

6 **Eventuelt**

- Innspel frå kretsleiar i Fosen sør, Kristoffer Moan, vedk konsekvensar av forenkling av beitetilskot.
 - Trine: Ikkje vore hovudfokus til Nortura, men Bondelaget har det med i sitt innspel.
 - Olav Håkon: Har hatt samtalar med Farstad i Venstre.
 - Ragnar O: Løfta opp som problemstilling frå alle organisasjonane. Einig i innspelet. Vil ta det med oss vidare. Brit Kari gjev svar
- Trude fått tlf om utsendt info om endring i feittrekk, utan at det konkret var nemnt kva som er endring. Trude kontaktar Roy om dette, samt tek det opp i fagutval storfe.
- Innspel til sentral valkomité? AU føreslår Trine som ny styreleiar. Brit Kari sender innspel.

Brit Kari

Trude

Brit Kari